

Nye Sogndal kommune
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Vår dato: 05.03.2021
Vår ref.: 202103772-2
Arkiv: 323
Dykkar dato: 12.02.2021
Dykkar ref.: 20/11093-2

Sakshandsamar:
Gert Vidar Høgseth
91107335/gvho@nve.no

NVE sin uttale - Søknad om dispensasjon frå krav om reguleringsplan og tiltak i 100m beltet - Gnr. 388 bnr. 1, Sæle Sag AS - Sogndal kommune

Vi syner til brev dagsett 12.02.2021. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå krav om reguleringsplan og tiltak i 100 m. beltet.

Det skal opparbeidast eit areal på om lag 700 m² nordvest for dagens industrilokale. Arealet grensar mot fylkesvegen i nord, og skal nyttast til utandørs lagring. Det vert ikkje søkt om oppføring av bygg. For å opparbeide arealet skal det sprengast vekk om lag 4880 m³ fjell. Arealet grensar mot ein bekk i vest.

NVE hadde i 2018 reguleringsplan for Sæle sag til offentlig ettersyn. NVE fremja motsegn til planen i brev dagsett 19.03.2018, fordi mellom anna naturfare i planområdet ikkje var godt nok utgreidd. Arealet det no vert søkt om dispensasjon for ligg i aktsemdområde for jord- og flaumskred, og i aktsemdområde for flaum langs bekken i vest.

Når planlagde byggverk ligg skredutsett til skal tryggleiksklasse for byggverket fastsettast, jf. byggt teknisk forskrift (TEK17) § 7-3 andre ledd. Kommunen må sjå til at det ikkje vert gjeve dispensasjon og byggeløyve til bygg som ikkje oppfyller tryggleikskravet til den aktuelle tryggleiksklassen. Dokumentasjonsplikta ligg på utbyggarsida. Regelverket inneheld ingen eksplisitte formkrav til dokumentasjonen som skal leggest ved søknaden for å dokumentere at byggetomta har tilstrekkeleg tryggleik. Oppbygging av, og omfang på dokumentasjonen vil variere, mellom anna etter tiltaket sin kompleksitet og den einskilde faretype.

NVE kan ikkje sjå at naturfare knytt til skred, flaum og erosjon er drøfta i sakspapira. Vi kan ikkje sjå at det er avklara om fare for flaum og skred er reell. Vi meiner at kommunen etter plan- og bygningslova kap. 19 skal opplyse mest mogleg om saka og gjere førebelse vurderingar av søknaden før den vert sendt til høyring.

NVE meiner kommunen må ta stilling til problemstillingar vi peikar på over i handsaming av søknaden. Vi meiner at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at NVE kan gje konkrete råd i saka.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Med helsing

Siss-May Edvardsen
fung. regionsjef

Gert Vidar Høgseth
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.